



Bømlo kommune

Att:

Leirdalen 1

5430 Bremnes

## **Fiskeridirektoratet si fråsegn til høyring av revidert planforslag - Detaljregulering for gnr20 bnr12 mfl. Serklau industriområde i Mosterhamn - Bømlo kommune PlanID 20218**

Vi viser til dykkar brev datert 07.10.25, og uttalefrist 05.11.25.

### **Fiskeridirektoratet si rolle i planarbeid**

Fiskeridirektoratet har som oppgåve å fremje lønsam og verdiskapande næringsaktivitet gjennom berekraftig og brukarretta forvaltning av marine ressursar og marint miljø. Vi skal medverke i planlegging etter plan- og bygningslova i kyst- og sjøområde når fiskeri- og akvakulturinteresser, inkludert marint miljø og biologisk mangfald som er viktig for næringane, vert berørt.

Fiskeridirektoratet uttala seg til varsel om oppstart av planarbeidet og høyring av planprogram i brev datert 07.04.22. I brevet bad vi om at registrerte fiskeriinteresser måtte takast omsyn til i vidare planarbeid. I planområdet i sjø er det registrert fiske med passive reiskap. Nord for planområdet ligg eit gyteområde, og i aust ligg ein fiskeplass for aktive reiskap, mellom anna for reketrål.

Vi kan ikkje sjå at vi vart involvert då planforslaget var på høyring og offentleg ettersyn i perioden 14.06.25 til 18.08.25.

### **Vurdering av planframlegget**

Føremålet med planarbeidet er å regulere industriområdet på Serklau i Mosterhamn, med tilhøyrande tilkomstveg, og å vidareutvikle det etablerte næringsområdet for maritim industri. I løpet av planprosessen har planområdet blitt redusert til å omfatte i hovudsak gjeldande reguleringsplan frå 1987, i tillegg til noko meir sjøareal.

Det er gjennomført konsekvensutgreiing av mellom anna marint naturmangfald og vassmiljø, samt marine naturressursar. Feltarbeid utført av Rådgivende Biologer AS i 2022 avdekkja ein sukkertareskog, to blautbotnområde i strandsona, ei undervasseng med ålegras og ein undervasseng med havgras. Rådgivende Biologer AS har kome med anbefalingar knytt til korleis ein kan hindre spreiding av partiklar og miljøgifter. På bakgrunn av funn i kartlegginga og råd frå Rådgivende Biologer har Abo Plan & Arkitektur gjort følgjande justeringar:

*Planforslaget opnar no for ei mindre fylling i sjøen, ettersom føremålet er trekt lengre sør. Denne endringa inneber at det vert teke større omsyn til den registrerte ålegrasenga i område, og bidreg til å verne viktige marine naturverdiar.*

I tillegg vil vi trekke fram følgjande føresegn som spesielt positive:

*2.1.2 Leidningar i sjø skal leggst/ festast slik at dei ikkje heftar fiskeutstyr eller er til hinder for ankring eller ferdsle.*

*2.2.6 Anleggsarbeid i form av sprenging, pæling, boring, pigging og steinknusing skal ikkje gjennomførast i hekkeperioden til tjeld, frå april til og med juli. Pæling og sprenging i sjø er ikkje tillate i perioden februar til mai av omsyn til gytefeltet Vestresundet.*

*2.7.2 Det skal gjennomførast tiltak i samband med utfylling i sjø for å hindre ureining til sjø i bygge-fasen og at finpartikulært materiale vert spreidd i vassførekomsten og påvist forureina sjøbotn vert isolert. Døme på tiltak kan vera siltgardin og lense. Tiltak for å redusere risikoen for spreining av miljøgifter inkluderer tildekking av duk på botnen før deponering av massane. Teknisk utforming og type tiltak skal vurderast i samband med detaljprosjektering av tiltak innanfor næringsområda. Utfyllingsplan med plassering av fyllingsfot og opplysningar om miljøtilhøva i utfyllingsområda skal leggjast ved søknaden.*

Fiskeridirektoratet har i tidlegare fråsegn (ikkje denne saka) opplyst om at gyteperioden for torsk varer frå februar – april. Vi har i nyare tid blitt gjort merksame på at gyteperioden for torsk er 1. januar – 30. april i sørlege område, jf. Munk og Nielsens bok «Eggs and larvae of North Sea Fishes» som Havforskningsinstituttet syner til i deira rettleiing om gytefelt på [hi.no](https://hi.no). I denne samanhengen ber vi om at gyteperioden som er oppgitt i planforslaget, blir justert til «januar til mai» i samsvar med anbefalinga frå HI.

Fiskeridirektoratet har, utover dette, ingen fleire merknadar til planforslaget. Vi vurderer at føresegnene tek i vare fiskeriinteressene og marint biologisk mangfald i tilstrekkeleg grad.

### **Om vidare planprosess**

Fiskeridirektoratet oppmodar kommunen til å ta omsyn til våre faglege råd og merknadar til planframlegget.

Ved vidare kontakt i saka, ver venleg å vise til vårt saksnr. 22/2579 og nytte e-post-adressa [postmottak@fiskeridir.no](mailto:postmottak@fiskeridir.no).

Med helsing

Tom Hansen  
seksjonssjef

Charlotte Skeide Norseng  
seniorrådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.*





**Mottakarliste:**

Bømlo kommune

Leirdalen 1

5430

Bremnes

**Kopi til:**

Kystverket

Statsforvaltaren I Vestland

Sør-Norges Fiskarlag

Postboks 1502

Njøsavegen 2

Postboks 936

6025

6863

6001

Ålesund

Leikanger

Ålesund

